

KAMBO Energi AS

Kambsvegen 60

5590 Etne

NVE

Avdeling for anleggskonsesjonar

E-Post: nve@nve.no

Etne, 08.01.2023

Søknad om anleggskonsesjon for Høyland Kraftverk, etter energilova for bygging og drift av tilhørende koplingsanlegg og kraftkabel i grøft

Om søkar:

Kambo Energi AS org nr 992529970MVA

Anleggsadresse: Høyland, 5590 Etne

Foretaksadresse: Kambsvegen 60, 5590 Etne

Samandrag:

KAMBO Energi AS søkte om konsesjon etter vassressurslova den 06.03.2007 for bygging av Høyland minikraftverk. Høyland Kraftverk fekk konsesjon etter vassressurslova den 27.10-2015. NVE ref: 200703718-30. Konsesjonen vart påklaga av , men OED oppretthaldt vedtaket til NVE den 23.01.2017. Ref nr OED16/1463 .

Søknad:

KAMBO Energi AS søker om anleggskonsesjon med komponentar som skildra vidare i søknaden.

Tilkoplingspunkt er fastsett i lag med BKK til nettstasjon ved Høyland. Tilkopling er tenkt med kabel i jord.

Me søker difor no om konsesjon etter lov av 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilova) § 3-1, jf. forskrift av 7.desember 1990 nr. 959 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilovforskriften) søker me om konsesjon til å eige og drifte Høyland kraftverk sitt høgspenningsanlegg med følgjande komponentar:

Skildring av det tekniske utstyret:

-1 stk synkrongenerator 0,69kV 1250kVA vert med eit

-ABB safe plus koplingsanlegg 22kVkopla til

-1 stk 1250kVA oljetransformator 0,69/22kV

Kraftverket vert kopla til nettstasjon Høyland via 580 meter lang kabel i jordgrøft mot nettstasjon som er tilkoplingspunkt.

BKK har utarbeidd anleggsbidrag for tilknytning.

Kabeltype 3x95mm² TSLF jordkabel i jord til nettstasjon HØYLAND.

KAMBO Energi AS har høgspenningskompetanse for bygging og drift av høgspentanlegg, via kontrakt med vår samarbeidspartner, Nettpartner AS. Vår driftsleiar på HS er Geir Maldal 480 81 548.

Transformatorar med apparatanlegg vert plassert i eigne HS rom i kraftverket.

BKK er områdekonsesjonær. Vedlagt uttale om ledig kapasitet i nytt nett.

Høyland Kraftverk, Elektriske anlegg		
Generator		
Ytelse	kVA	1250kVA
Spenning	V	690
Transformator		
Ytelse	kVA	1250
Omsetning	kV/kV	22/0,69
Nettilknytning (Kraftliner/kabler)		
Lengde	M	580m
Nominell spenning	kV	22
Luftline el jordkabel		Jord

Begrunnelse for søknad:

Høyland Kraftverk har konsesjon for bygging av Høyland Kraftverk. Høyland Kraftverk må knyttas til offentleg nett for å få levert produksjonen. Det føreligg ein Lagmannsrettsdom på rett og plassering til kabelføringa. Grunneigarane er innforstått og informert om trase for nettilknytninga.

Konsekvensar for areal og miljø for nettilknytninga:

Det er små konsekvensar knytt til areal og miljø for nettilknytninga. Heile kabelgrøfta vert lagt langs vegen frå fylkesvegen og fram til kraftstasjonen. Vegen vert grusa oppatt etter graving. Det vert plassert ein nettstasjon med transformator og koplingsbrytar like ved kraftstasjonen ved kote 95. Heile kabelgrøfta i veg, og får ingen arealbeslag eller konsekvens for forminner eller naturmangfald.

Desse forholda vart også utgreidd i konsesjonsprosessen etter vassressurslova.

Grunneigarforhold:

Kabelgrøfta går langs privat veg. Høyland Kraftverk har alle rettigheter til å legge kabelen her langs gardsvegen. Dette er grunneigarane innforstått med og har godtatt. Dette er nedfelt i dom / forlik frå Gulating Lagmannsrett. Dommen er vedlagt. Etter denne dommen har også

Haugaland og Sunnhordland jordskifterett fastslege fordeling av vedlikehald på vegane.
Vedlagt dom bruksordning.

Vedlegg:

- Oversiktskart kraftverk og kabel
- Uttale frå netteigar om ledig kapasitet i nytt nett
- Forlik Gulating Lagmannsrett
- Dom Haugalandet og Sunnhordland Jordskifterett

Med venleg helsing



Egil Kambo


Prosjektleder Høyland kraftverk

Epost: egil@kambokraft.no



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
tlf. 09575 E-post: nve@nve.no

Nettilkopling Høyland Kraftverk



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
tlf. 09575 E-post: nve@nve.no

Oversikt Høyland Kraftverk

